

Uskedal Utvikling treng fleire medlemmer!

02.02.2017



Kristian Bringedal leia årsmøtet.

**At medlemstalet er altfor lågt, berre 28, var det som skapte mest engasjement under årsmøtet i Uskedal Utvikling i Gamleskulen onsdag kveld. Det vart bestemt at det må arbeidast for at fleire lag, firma og privatpersonar melder seg inn. Medlemstalet samsvarar därleg med det gode arbeidet UU gjer for bygda.**

Elles vart årsmøtesakene avvikla kjapt og greitt i det godt førebudde årsmøtet som vart leia av leiaren Kristian Bringedal. På ein time var årsmøtet ferdig.

Årsmeldinga fortalte om god aktivitet, og vi gjengjev deler av den.

## Styremøte

Det er avhalde 7 styremøte og handsama 33 saker i 2016.

Av saker som er handsama nemner vi:

- Asfalt ved inngangen til gamleskulen. Treplattingen som låg der var svært glatt og måtte fjernast.
- Det er blitt leigd inn vaskebyrå til vasking av tak og vegger i hovudetasjen.
- Vindauge og kjøkkenskap er og vaska. Det er avtale om vask av golv i hovudetasje ein dag i veka.
- Det elektriske anlegget i huset er oppjustert etter pålegg frå Kvinnherad Energi
- Det er laga HMT-plan for gamleskulen

## Medlemer

Uskedal Utvikling er ein medlemsbasert organisasjon registrert i Frivilligregisteret, Brønnøysundregisteret, med rett til Grasrotandel.

Medlemstalet i 2016 har vore 28.

## Opne møte

Det har vore halde 7 opne møte i tillegg til årsmøtet. Det har vore ulike tema:

- Informasjon om Kvinnherad Vekstbedrift v/ dagleg leiari, Tor Vidar Sæle
- Nettsida uskedalen.no: Om vidare drift og utvikling
- To ulukker på åtte år. Om krisehandtering av lufthamnsjef, Jan Morten Myklebust
- Turisme
- Festidalen
- Vegetasjon og rydding v/ Tore Eik frå Landbrukskontoret
- Plan- og arealdelen i K. planen v/ Kjartan Thoresen(Kvinnherad kommune )
- Tverrelva kraftverk: Status og vidare arbeid med utbygginga

I tillegg har leiaren delteke på ulike møte.

## Nettsida uskedalen.no

- I 2016 vart det presentert 1403 saker på nettsida. Det er ein nedgang på 133 saker frå året før. 2015 var rett nok eit år med svært mange saker, heile 1536. Snittet sidan oppstarten var pr. 01.01.2017 på 1414 pr år ( 3,9 saker pr. dag )
- 17. mai 2016 var lesartalet 2930, det høgste talet som har vore registrert. Før var rekordtala knytte til ulukker og til Festidalen. Høgste lesartal pr. døgn i samband med Festidalen er 2706 ( 2013 )
- Festidalen gav høge lesartal også dette året. Vi ser at stoff om barn og unge er svært mykje lese. I samband med uver stig lesartala. Saker om OSKA har høge lesartal
- På finversdagar, særleg laurdagar, går lesartala ned
- Når saker vert delte på FB, ser vi at lesartala stig
- Det har vorte presentert nytt lesarbilete annankvar dag dette året, altså vel 180 bilet. Sidan oppstarten av denne spalta i januar 2015 har vi formidla 380 bilet. Det er god repsons frå lesarane
- Notisspalta er godt eigna til korte meldingar
- Redaksjonen er utvida
- Utan full oversikt har vi inntrykk av at skulen, barnehagane og ein del lag og organisasjonar er flinkare med å senda stoff. Det kan vera ferdige saker med bilet eller kortfatta oppsummeringar. Det er heilt avgjerande då vi ikkje maktar å vera ute på alt som skjer
- 3 nye annonsørar har kome til, 1 er ute

## KafeTiaren

Det har vore 50 kafesamvær på Tiaren i 2016. Det er 23 frivillige som jobbar fast, ein vikar. Alle er delte opp i 8 lag med tre personar i arbeid kvar gong. Kafe Tiaren har hatt eit godt besøk i 2016. Til hausten 2017 har Kafe Tiaren vore i drift i 10 år. Ein ynskjer stadig at fleire må få lyst til å vera med som frivillig,- for å støtta eit godt tiltak i bygda.

## Gamleskulen - kjellaren

Teknisk rom i kjellar er  $\frac{3}{4}$  ferdigstilt, Veggene er på plass og døra er isett. Taket inne i rommet skal isolerast og nytt tak skal på plass. Det er montert sikringsskåp og ny varmvasstank for golvvarme. Vindauga, som er stengt, bør murast igjen med Leca isoblokker. Dette arbeidet kan gjerast når murar gjer ferdig pipa. Veggen, der utslagsvasken vert montert, bør målast med vannbestandig måling. Mykje av materialane, som er i kjellaren i dag, kan brukast som kledning. Før ein går vidare med innredning, bør ein vita meir om kva kjellaren skal brukast til. Tredekket ute er demontert og uteplassen er asfaltert. Eit større tre i grensa med Reidar Myklebust er skore ned.

## Rekneskap.

Rekneskapen vart godkjend utan merknader, og viste dette året eit underskot på 150.262,-kr. Dette er omlag same sum som er brukt på oppgradering av kjellaren som var største utgiftspost. Mest inntekter gav utleige av Gamleskulen og uskedalen.no som har inntekter frå firma som har annonse.



To av dei trufaste i UU, rekneskapsførar Alf Hjønnevåg og styremedlem Henrik Lyse. Alf la også i år fram eit svært oversiktleg rekneskap. Elles vart Handlingsplan for 2017 godkjend med mindre endringar. Det kom inn punkt om landbruk og uskedalen.no.

## Val.

Det vart gjenval stort sett over heile linja. Einaste endring var at Hilde Bringedal kom inn som ny 3. varamann.  
Dermed er styret:

Kristian Bringedal, leiar, Gunn Mari Moberg, Jan Erik Olsson, Egil Myhre og Henrik Lyse.

Varamedlemmer:

1. Ann Irene Sæle, 2. Berit H. Døssland, 3. Hilde Borge Olsen

Dokument til årsmøtet og årsmøtereferat vil verta lagt ut under [Uskedal Utvikling](#) i spalta til venstre.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland